

Høyring – utkast til nytt reglement for val av rektor, prorektor og styre ved Høgskulen i Volda

Bakgrunn

Valstyret har utarbeida eit utkast til nytt valregelement for val av rektor, prorektor og styre ved Høgskulen i Volda. Bakgrunnen for dette er samansett, mellom anna har valstyret i lengre tid sett behov for ei skikkeleg oppdatering, då mykje av reglementet var utdatert. Til dømes var det på tide å definere elektronisk val på ein ordentlig måte, få vekk omgrep som ekspedisjonen på Kårstad og jamt over oppdatere reglementet. Vidare har Høgskulestyret vedtatt at vi skulle fortsetje med valt rektor, og i saksframleggjet til denne saka vart det peika på at ein då måtte sjå på korleis ein skulle sikre god oppslutnad om vala.

Valstyret er utpeika av høgskulestyret, og leiar og nestleiar er utpeika av styret direkte. Dermed ser vi det dermed som naturleg at det er valstyret som kjem med utkast til nytt valreglement, organiserer høyring i organisasjonen, vedtar utkast til nytt valreglement basert på høyringane og sender utkast til nytt valreglement til direktøren for framlegging av nytt valregelment til Høgskulestyret for vedtak. Dette er også avklart med høgskuledirektøren.

Valstyret

Valstyret ved HVO består i perioden 2015 – 2018 av disse representantane:

Mona C. Andersen (tekn./adm.) – leiar
Odd Helge M. Tonheim (fagleg) – nestleiar
Hans Førde (tekn./adm.)
Sissel Midtlid (fagleg)
Bente Hasle (fagleg)
Simen Langeland (student)
Allan Melby (student)

Vara

Nils Magne Magerøy (1. vara for fagleg)
Sofie E. Holmen (2. vara for fagleg)
Hans Martin Dypvik (3. vara for fagleg)
Ragnhild Korsbrekke (vara for tekn./adm.)

Rammer

Høyringsfrist: 7. mai 2018
Planlagt sak i høgskulestyret: 7. juni 2018

Svar på høyringa skal sendast som vedlegg til per e-post til valstyret@hivolda.no

Høyringsinstansar

Då dette er noko som angår alle tilsette og studentar sender vi høyringa breidt ut, og inviterar alle til å meine noko. Vi oppmodar særleg avdelingane, fellesadministrasjonen, STiV og organisasjonane til å sende samla høyringsvar. Men vi vil understreke at alle har moglegheit til å kome med høyringsfråsegn.

Moment i høyringa

Valtidspunkt, særleg for studentvalet §4 nytt utkast

I 2015 vedtok høgskulestyret å flytte valet av studentrepresentantar til høgskulestyret frå tidleg haustsemester til seint vårsemester i semesteret før styreperioden tar til. Dette var grunna at dei gjerne ville at studentrepresentantane skulle vere på plass til det fyrste styremøtet om hausten, noko som er umogeleg om valet er om hausten, grunna tida det tar å gjennomføre eit val. Vi har no gjort oss nokre erfaringar med dette, og foreslår å flytte valet tilbake til haustsemesteret av følgjande grunnar:

- Studentar som skal vere valbare må ha studierett for heile perioden, noko som utelukkar store studentgrupper frå å kunne stille til val. Det vil i praksis sei at ingen som søker opptak for studieåret 2018/2019 i praksis er valbare til å sitje i høgskulestyret i denne perioden.
- Studentar har stemmerett i perioden valet ikkje gjeld for. Alle studentar som har studierett våren 2018 har stemmerett for valet som gjeld for studieåret 2018/2019. Også studentar som ikkje skal gå på HVO i perioden valet gjeld for.
- Unngå siste del av vårsemesteret som valperiode, då det då nærmar seg eksamensperiode.

Vi har vidare foreslått ei endring i valreglementet når det gjeld valtidspunkt for rektorat, då den førre formuleringa her var uklar og vi har endra det til det som no er gjeldande praksis.

Leitekomite, §8 nytt utkast

Valstyret foreslår, i samråd med direktør å opprette ein leitekomite i samband med rektorvalet. Leitekomiteen skal oppnemnast av styret, og skal aktivt bidra til å identifisere og presentere gode kandidatar til rektoratet. Valstyret er usikre på om leitekomiteen skal ha ein særleg moglegheit til å fremje kandidatar eller må forholde seg til dei vanlege reglane om fremjing av kandidatar, jamfør §8 punkt 2 i nytt utkast. Foreløpig har vi landa på at leitekomiteen ikkje har særskilt moglegheit til å fremje kandidatar, men tar gjerne mot innspel på dette.

Kven kan stille til val? §14 punkt 6 nytt utkast

I tidlegare reglement har det her vore presisert ulike stillingstitlar, noko som er nøyaktig og treffande, men som samtidig vert fort udatert ved endringar i organisasjonen. Formuleringa som føreligg i gjeldande reglement (Leiarar med arbeidsgjevaransvar kan ikkje veljast til styret) er vag og vanskeleg å tolke. Er det det formelle arbeidsgjevaransvaret ein snakkar om her, eller inkluderer dette også delegert ansvar? Kva med til dømes instituttleiarar som har delegert arbeidsgjevaransvar frå dekan i to år i gangen? Eit fleirtal i valstyret vil ha følgjande formulering: «Dekanane, direktør og medlemne av administrativ leiargruppe kan ikkje veljast til styret.», medan eit mindretal av valstyret vil ha følgjande formulering: «Dekanane, kontorsjefane, direktør og medlemne av administrativ leiargruppe kan ikkje veljast til styret.».

Kjønnsbalanse i rektoratet? §8 punkt 5 nytt utkast

I det noverande valreglementet vert det ikkje sagt noko om kjønnsbalanse i rektoratet, men der er andre reglar for kjønnsbalanse (§22 nytt utkast) som seier noko om dette. På bakgrunn av dette har eit fleirtal i valstyret uttrykt ynskje om å diskutere om det skal leggjast inn ei forsiktig oppmoding om at «Begge kjønn bør, så langt som råd, vere representert i rektoratet» under nominasjon. Valstyret er usikre på om dette er eit reelt behov for, og ber om tilbakemelding på det.

Oppsummert

Det er fleire små og større endringar i tillegg til dei som vert peika på over, så vi oppmodar alle til å lese grundig gjennom og kome med innspel. Ta gjerne kontakt om de har spørsmål. Vedlagt finn de:

- Noverande valreglement i PDF-format

- Utkast til nytt valreglement, oppdatert med spor endringar frå det gamle. Her ser de alt som vi har fjerna og lagt til.
- Utkast til nytt valreglement, ferdig.

Gjennomgang av formatering og språkvask vert gjennomført før endeleg utkast til nytt valreglement vert lagt fram for styret, så det er ikkje naudsynt å kommentere slike feil.

Valstyret vedtok i valstyremøte tysdag 3. april at vedlagte utkast til nytt valreglement vert sendt på høyring.

Med helsing, på vegne av valstyret

Mona-Cesilie Andersen
Leiar

Odd Helge Mjellem Tonheim
Nestleiar